

Revisjon av Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Oppland (26.04.2007).

Forslag til lovtekst:

Forskrift om tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr, Øystre Slidre kommune, Innlandet (xx.xx.xxxx)

Kapittel 1

Det er tilgjenge til jakt etter elg, hjort og rådyr i Øystre Slidre kommune.

Kapittel 2

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve er som vist i tabellen:

Heile/Deler av kommunen	Elg: minsteareal i daa	Hjort: Minsteareal i daa	Rådyr: Minsteareal i daa
Areal aust for grensa til statsallmenningen	5000	12000	3000
Resten av kommunen	3000	8000	1500

Kapittel 3

Denne forskrifta trer i kraft same dato som den blir kunngjort i Norsk Lovtind. Frå same tid opphevast lokal forskrift 10.05.2007 *Forskrift om tilgjenge etter elg, hjort og Rådyr, Øystre Slidre kommune, Oppland.*

Bakgrunn for revisjonen:

Kommunestyret har, i samband med godkjenning av hjorteviltplanen, i møte 07.09.2023 vedtatt at gjeldande forskrift om minsteareal i Øystre Slidre kommune skal reviderast. Jf. *forskrift om forvaltning av hjortevilt* § 9, skal forskriftsendring fastsettast innan 15. mars.

I dag har Øystre Slidre kommune følgjande minsteareal:

Heile/ Deler av kommunen	Elg: minsteareal i daa	Hjort: minsteareal i daa	Rådyr: minsteareal i daa
Areal aust for grensa til statsallmenninga	6000	30000	3000
Resten av kommunen	4000	10000	1500

Vurdering:

Definisjonen av minsteareal er blant anna størrelsen på det teljande arealet som normalt skal ligge til grunn for kvar fellingsløyve som jaktrettshavarane har krav på.

Det er difor viktig at vedtatt minsteareal speglar dei hjorteviltbestandane som faktisk finnast i kommunen. I rettleiaren til hjorteviltforokriftn (M-478, Miljødirektoratet, 2016) fastslåast det at fastsetting av minsteareal er det viktigaste verkemiddelet for å nå kommunens mål i hjorteviltforvaltninga. I tråd med hjorteviltforokriftns § 7 kan minstearealet fråvikast med inntil 50 %. Øystre Slidre kommune ynskjer å revidere denne forokriftn då minstearealet er for høgt i forhold til dagens hjorteviltstamme.

For å vurdere minstearealet for elg legg vi til grunn fellingstal for bestandsplanperiode 2020-2022:

År	Tildelt totalt	Felte totalt
2020	140	115
2021	140	102
2022	140	110

For 2023-2025 er følgjande tildelingar vedtatt:

År	Kvote	Antatt felling i antall elg (80 % felling
2023	150	120
2024	140	112
2025	130	104
SUM	420	336

Desse kvotene samsvarar godt med dagens bestandsstatus, men om ein reknar på minstearealet (* 50 %) får ein ei årleg maksimal tildeling på 146,7 elg. Det vil seie at dagens minsteareal gir lågt slingringsmon i forhold til ei eventuell bestandsauke i framtida.

For å vurdere minstearealet for hjort legg vi til grunn fellingstal for bestandsplanperiode 2020-2022:

År	Tildelt totalt	Felte totalt
2020	60	30
2021	60	25
2022	60	30

For 2023-2025 er følgjande tildelingar vedtatt: 195 hjort i planperioden fordelt på 65 hjort årleg. Om ein reknar på minstearealet (* 50 %) får ein ei maksimal tildeling på 47,5 hjort.

Vedtatt driftsplan for elg og hjort samsvarar ikkje med gjeldande forokriftn om minsteareal. Kommunen meiner vedlagt forslag til minsteareal gjer oss meir rusta for framtidige aukingar i bestandane. Kommunen har ikkje gjort endringar i minstearealet på rådyr. Det fellast lite hjort i forhold til det som tildelast. Med auka avskyting vil foreslått minsteareal framleis gje godt slingringsmon.

Vurdering av foreslått minsteareal

Med eit minsteareal for elg på 5000 for arealet aust for grensa til statsallmenningen og 3000 i resten av kommunen oppnår vi ei makstildeling på 190 elg årleg. Me understrekar at dette er makstildeling, og at ein kan gje lågare tildelingar basert på blant anna sett- og skutt-rapporteringar og framtidige beitekartleggingar.

Med eit minsteareal for hjort på 12 000 for arealet aust for grensa til statsallmenningen og 8000 i resten av kommunen oppnår vi ei makstildeling på 69 hjort årleg, noko som vil samsvare med ei tildeling på 65 hjort årleg. I dag skytast det om lag halvparten av tildelt kvote (ca. 30 av 60 dyr). Sjølv om me vil justere ned minstearealet, ynskjer ikkje kommunen at grunneigarar då trekk seg ut av driftsplanlaget, då eit større samarbeid mellom grunneigarane, slik det er i dag, gir grunnlag for ei betre forvaltning på eit større område.

Spørsmål til høyringspartane:

Me ynskjer innspel på lovforslaget. Om det skal rettast forslag til anna minsteareal ber me om at det leggst ved ei grunngjeving for dei minsteareala de har foreslått.

Frist for å uttale seg:

Uttalefristen er sett til 15.12.2023.